



Alf Eikevik  
Kollåsen 54  
5116 ULSET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2565 - 19/29691

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
07.10.2019

## Førespurnad om tilleggsopplysningar i høve tinging av møte - gbnr 99/4 Våge


Vi viser til dykkar førespurnad om tinging av møte i e-post av 26.09.19 og 03.10.19.

Det er fremja ønske om dialog med kommunen i høve usaklege meldingar og merknadar frå nabo på gbnr 99/1 Våge. Kommunen legg til grunn at sak 19/2565 – gbnr 99/4- er tilstrekkeleg opplyst slik at det ikkje er naudsynt med ytterligere avklaring i eit dialogmøte. Ytterligere avklaring av forholdet mellom naboane, er privatrettslig. Eit dialogmøte med kommunen vil ikkje omhandle forholdet til nabo.


Det er fremja ønske om dialog med kommunen i høve gjenoppretting av våningshus i tunet på eigedomen. I matrikkelen er det registrert eit våningshus på eigedomen (gul farge på bygning) og eit hus for dyr/lanbr.lager/silo (oransje farge på bygninga). Skravert felt er kulturminnelokalitet. Kommunen legg på noverande tidspunkt til grunn at eigedomen har eit våningshus og eit landbruksbygg slik det fremgår av matrikkelen. Dersom du kan dokumentere at eigedomen har to våningshus, må denne dokumentasjonen leggst fram til kommunen.

Eit dialogmøte skal avklare om det er krav til søknad om bruksending av våningshuset er naudsynt, sjå rettleiing [her](#). Eit dialogmøte vil også omhandle oppgradering av landbruksbygget.

Utsnitt grunnkart



Utsnitt ortofoto 2018



Før vi tingar møte må du kontakte ein fagperson og få avklart følgjande for våningshuset:



1. Kva slags bruk er ønskeleg for våningshuset – fritidsbustad eller heilårsbustad?
2. Kva er tilstanden på våningshuset?
3. Kva for ein standard er det på våningshuset?
4. Når vart våningshuset sist nytta som bustad?
5. Kva var våningshuset sist nytta som – fritidsbustad eller heliårsbustad?
6. Kva er alderen på våningshuset?
7. Kor omfattande arbeid på våningshuset skal gjerast i høve krava i TEK17?
8. Kva løysningar er tenkt for veg, vatn og avløp?
9. Eventuell dokumentasjon på at eigedomen har to våningshus.

Før vi tingar møte må du kontakte ein fagperson og få avklart følgjande for landbruksbygget:

10. Kva er landbruksbygget sin tilstand?
11. Kva for ein standard er det på landbruksbygget?
12. Når vart landbruksbygget sist nytta i gardsdrifta?
13. Kva er alderen på landbruksbygget?
14. Kor omfattande arbeid på landbruksbygget skal gjerast i høve krava i TEK17?
15. Skal landbruksbygget ha innlagt vatn/avløp?
16. Dersom ja på pkt. 15, kva løysningar er tenkt for vatn/avløp?

Når tilleggsopplysningane er mottatt, kan vi tinge eit dialogmøte der dykkar fagperson også er tilstades.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 28.10.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert dialogmøte ikkje tinga.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Alf Eikevik	Kollåsen 54	5116	ULSET
-------------	-------------	------	-------

**Mottakarar:**

Alf Eikevik	Kollåsen 54	5116	ULSET
-------------	-------------	------	-------